

Gebyrregulativ for tekniske tenester i Hemsedal kommune

FORSKRIFT OM GEBYR VEDTEKE AV KOMMUNESTYRET MED HEIMEL I:

- § 33-1 i plan og bygningsloven av 1. juli 2009
- §§ 30, 32 med tilhørende forskrift §§ 16, 17 i lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) av 17. juni 2005 nr 101
- § 7 i lov om eigarseksjonar av 20. mars 1997
- § 11-4 i forskrift av 1. juni 2004 til forureiningsloven om utslepp frå mindre avløpsanlegg (Jf. forureiningsloven § 52 a)

TILLEGG

Forskrift om gebyr for behandling av konsesjonssaker etter lov av 28. nov nr. 2003 om konsesjon ved erverv av fast eiendom og søknader om delingsløyve etter lov om jord av 12. mai 1995 nr. 23 § 12, sjå avsnitt 7, og endra forskrift om gebyr for behandling av konsesjons- OG DELINGSSAKER AV 14. DES. 2011

Honorar for andre oppgåver som kommunen yter ut over den allminelege plikta til å rettleie.

Ajourførte satsar for 2019 – Vedteke i Hemsedal kommunestyre, 18/12 – 2018- sak 103/18

INNHALD

GEBYRREGULATIV FOR TEKNISKE TENESTER I HEMSEDAL KOMMUNE

1 GENERELLE REGLAR

- 1.1 Betalingsplikt
- 1.2 Kva for regulativ skal nyttast
- 1.3 Betalingstidspunkt
- 1.4 Urimelege gebyr
- 1.5 Fritak for gebyr
- 1.6 Klage
- 1.7 Avbrote arbeid
- 1.8 Endring av regulativet eller gebyrsatsane
- 1.9 Gebyr til statlege etatar

2 ATTESTAR O.L., OG TENESTER SOM SKAL BETALAST ETTER MEDGÅTT TID

- 2.1 Attestar o.l.

3 GEBYR FOR ARBEID ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA (§ 33-1)

- 3.1 Kart og eigedomsoppgåver kap 2 (§ 2-1)
 - 3.1.1 Situasjonkart
 - 3.1.2 Digitalt kartunderlag
- 3.2 Plansaker (Kap 12 § 12-3)
 - 3.2.1 Planavklaringsmøte (pr. møte)
 - 3.2.2 Privat forslag til detaljregulering (plbl §12-3 , eller endring av gjeldande utbyggings- eller reguleringsplan (plbl §§ 12-14)
 - 3.2.3 Forna søknad
 - 3.2.4 Konsekvensutgreiing (plbl kap 4, § 4-2 og kap.14)
- 3.3 Tiltakssaker (bygge- og anleggssaker)
 - 3.3.1 Førehandskonferanse (plbl § 20-1 a)
 - 3.3.2 Søknader utan krav om ansvarsrett (plbl § 20-4)
 - 3.3.3 Lokal godkjenning av føretak m.v. for ansvarsrett (plbl §§ 23-4,23-5 og 23-6)
 - 3.3.4 Dispensasjon (plbl kap.19 ,§ 19-1)
 - 3.3.5 Søknadsploktig tiltak (plbl § 20-1)
 - 3.3.5.1 Delingssøknad (plbl 20-1 bokstav m)
 - 3.3.5.2 Bustadbygning og fritidsbustad for første bueining:
 - 3.3.5.3 Søknadsploktige småhus (garasje, uthus, annek):
 - 3.3.5.4 Andre bygningar, nybygg og tilbygg:
 - 3.3.5.5 Andre tiltak (plbl § 20-1):
 - 3.3.6 Endringar i høve til gitt løyve eller registrert melding
 - 3.3.7 Handsaming av avvik
 - 3.3.8 Midlertidig bruksløyve
- 3.4 Refusjonssaker (kap. 18)
 - 3.4.1 Planbehandling og refusjonsvedtak (§§ 18-8)
 - 3.4.2 Kostnadskontroll og fastsetjing av kostnadsdelinga (§ 18-9)
- 3.5 Overtredelsesgebyr (straffegebyr) Jf. PBL § 32-8 og §§ 16-1 og 16-2 i byggesaksforskriften.

4 GEBYR FOR ARBEID ETTER MATRIKKELLOVA

- 4.1 Oppretting av matrikkeleining
 - 4.1.1 Oppretting av grunneigedom
 - 4.1.2 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn/ frå punkt feste til festegrund eller grunneigedom
 - 4.1.3 Oppmåling av tilleggsareal grunn til eigarseksjon
 - 4.1.4 Oppretting av anleggseigedom
 - 4.1.5 Registrering av jordsameige
 - 4.1.6 Matrikkelføring av ommatrikulering/ innløyising av festegrund
- 4.2 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning
 - 4.2.1 Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering

4.3 Grensejustering

4.3.1 Grunneigedom, festegrunn og jordsameige

4.3.2 Anleggseigedom

4.4 Arealoverføring

4.4.1 Grunneigedom, festegrunn og jordsameige

4.4.2 Anleggseigedom

4.5 Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinatfesta ved oppmålingsforretning

4.6 Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidlegare er koordinatfesta / eller klarlegging av rettar

4.7 Privat grenseavtale

4.8 Time pris for medgått tid

4.9 Endringar i grunnlaget for matrikkelføring av ei sak

4.10 Utskriving av matrikkelbrev

4.11 Tidsfrist for gjennomføring av saker

4.12 Betalingsvilkår

5 GEBYR FOR ARBEID ETTER LOV OM EIGARSEKSJONAR (§ 7)

5.1 Krav om seksjonering eller reseksjonering av ein eigedom

6 GEBYR FOR ARBEID ETTER FORSKRIFT OM UTSLEPP FRÅ MINDRE AVLAUPSANLEGG (§ 11-4)

6.1 Behandling av søknad om løyve

6.2 Ny behandling av søknad om omgjering av løyve

6.3 Ny behandling av avslått søknad

6.4 Utslepp som ikkje er godkjent, eller anlegg som krever utbetring

6.5 Kontrollgebyr/tilsynsgebyr

7 FORSKRIFT OM GEBYR FOR BEHANDLING AV KONSESJONS- OG DELINGSSAKER AV 14. DES. 2011

7.1 Søknader om konsesjon og delingsløyve

8 HONORAR FOR ANDRE OPPGÅVER

1 GENERELLE REGLAR

1.1 Betalingsplikt

Den som får utført tenester etter dette regulativet, skal betale gebyr i samsvar med satsane og retningslinene i regulativet. Gebyrkravet skal rettast mot tiltakshavar, rekvirent eller den som har bede om å få utført aktuelt arbeid. Saksgebyr skal betalast sjølv om søknaden blir avslått. Kommunen skal av eige tiltak betale tilbake det rekvirenten måtte ha til gode. Det same gjeld der kommunen ved feil har kravd og motteke for mykje i gebyr. Gebyr skal vera betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato. Ved for sein betaling kan kommunen krevje eit purregebyr på 10 % av rettsgebyret. Må kommunen purre fleire gonger, skal kommunen i tillegg til purregebyr krevje morarente i samsvar med morarentelova frå forfallsdato. Det kan ikkje krevjast rentetillegg ved for mykje betalt gebyr.

1.2 Kva for regulativ skal nyttast

Gebyra skal reknast ut etter det regulativet som gjeld den datoen kommunen tok imot ei tilfredsstillande melding, søknad, eller rekvisisjon.

1.3 Betalingstidspunkt

Før kommunen skriv ut bruksløyve eller ferdigattest, skal tilhøyrande gebyr vera betalt. Likeeins skal gebyr etter matrikkellova, aktuelle tinglysingsgebyr og dokumentavgift vera betalt før melding om oppretting av matrikkeleining blir sendt til Statens kartverk - tinglysingen. For søknadssaker kan kommunen krevje at tilhøyrande gebyr skal vera betalt før saksbehandling tek til. For saker som skal betalast etter medgått tid og utlegg til sakkunnig hjelp, skal kommunen ved forskottsbetaling skrive ut eit førebels gebyr i samsvar med gitt overslag. Når kommunen sitt arbeid er fullført, skal kommunen rekne ut det endelege gebyret og skrive ut tilleggsrekning eller betale attende for mykje betalt gebyr. Også for andre arbeid kan kommunen krevje at gebyret er betalt før kommunen sitt arbeid tek til. For arbeid som skal betalast etter brukte timeverk, skal kommunen ved krav om førehandsbetaling stipulere gebyret. Til vanleg bør gebyr som skal reknast ut etter brukte timeverk og kommunen sine utlegg til sakkunnig hjelp, bli utskrive i ettertid. Ved store oppdrag kan kommunen skrive ut rekning på utførte deler av arbeidet, men ikkje oftare enn månadsvis. Klage på fastsetjinga av eit gebyr eller avgjerd av søknad om heilt eller delvis fritak for å betale gebyr, medfører ikkje forlenga betalingsfrist.

1.4 Urimelege gebyr

Dersom eit gebyr er openbart urimeleg i høve til dei prinsipp som er lagt til grunn, det arbeidet og dei kostnadene kommunen har hatt, kan rådmannen eller den som han/ho gjev fullmakt, av eige tiltak fastsetje eit høveleg gebyr. Fullmaktshavar kan under same føresetnad og med bakgrunn i grunngitt søknad frå den som har fått krav om betaling av gebyr, fastsetje eit redusert gebyr.

1.5 Fritak for gebyr

Når særlege grunnar tilseier det, kan kommunen etter kommunalt fastsette retningsliner heilt eller delvis gje fritak for betaling av gebyr til kommunen i ei konkret sak.

1.6 Klage

Fylkesmannen er klageinstans for enkeltvedtak gjort i medhald av dette regulativet for gebyr etter plan- og bygningslova og forureiningslova. Kommunal klagenemnd er klageinstans for tilsvarende gebyrvedtak etter matrikkel- og eigarseksjonslova.

1.7 Avbrote arbeid

Når ein tiltakshavar/revirent er årsak til at kommunen sitt arbeid blir avbrote, skal det betalast gebyr etter pkt. 2.2 i høve til det som er utført eller det som kommunen må utføre.

1.8 Endring av regulativet eller gebyrsatsane

Kommunestyret vedtek endringar av gebyrregulativet, normalt i samband med kommunestyret si behandling av budsjettet for komande år. Dersom kommunestyret ikkje gjer vedtak om anna regulering av satsane, skal administrasjonen med verknad frå 1. januar kvart år regulere satsane etter utviklinga i konsumprisindeksen frå oktober førre år til oktober siste år. Ved nemnde regulering skal ein avrunde satsar frå kr 50 og oppover til heile 10 kroner.

1.9 Gebyr til statlege etatar

Der kommunen skal krevje inn gebyr til statlege etatar for saker etter dette regulativet, skal utskriving og innkrevjing av kommunale og statlege gebyr skje samordna.

2 ATTESTAR O.L., OG TENESTER SOM SKAL BETALAST ETTER MEDGÅTT TID

2.1 Attestar o.l.

For attestar o.l., som kommunen kan krevje gebyr for i medhald av plan- og bygningslova og som ikkje er spesifisert i regulativet for den einssilde lova, er gebyret:

		2019	2018	Endring i %
2.1 a)	For registerutskrift, ekstra protokollutskrift, for attest o.l. der alle relevante opplysningar er tilgjengelege ved kontoret	kr 640	kr 620	3,2 %
2.1 b)	For attest m.v. som krev synfaring eller skriftleg innhenting av data	kr 2 490	kr 2 420	2,9 %
2.1 c)	For register- eller protokollutskrift og attest som krev meir enn eit halvt timeverk, kan kommunen krevja gebyr etter medgått tid og satsar i pkt. 2.1.	kr 0	kr 0	
2.1 d)	Timepris - kontorarbeid	kr 1 240	kr 1 200	3,3 %
2.1 e)	Timepris - feltarbeid (einskildperson)	kr 1 620	kr 1 570	3,2 %

3 GEBYR FOR ARBEID ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA (§ 33-1)

3.1 Kart og eigedomsoppgåver kap 2 (§ 2-1)

3.1.1 Situasjonsskart

Det skal ikke tas gebyr for kopier til søknader etter regulativets pkt. 3.3 og 3.3.5

		2019	2018	Endring i %
3.1.1	Situasjonsskart - datert og signert kartutsnitt i A4 – A0 i samsvar med gjeldande standard og bestilling, som tilfredstiller krav til prosjektering og søknad om byggetiltak. Vedlagt følgjer nabooversikt og utsnitt av gjeldande reguleringskart og føresegner.	kr 180	kr 170	5,9 %

3.1.2 Digitalt kartunderlag

Pris på digitale kartdata er regulert gjennom Geovekst-samarbeidet og administrert av Statens kartverk. Det er datautvalget, arealet og antall bygninger for valgt område som er grunnlaget for fastsetting av pris.

		2019	2018	Endring i %
3.1.2 a)	Forenkla situasjonsskart - datert og signert kartutsnitt i A4 – A0 i samsvar med gjeldande standard og bestilling, som tilfredstiller krav til prosjektering og søknad om byggetiltak. Vedlagt følgjer nabooversikt.	kr 460	kr 440	4,5 %
3.1.2 b)	Pris på digitale kartdata er regulert gjennom Geovekst-samarbeidet og administrert av Statens kartverk. Det er datautvalget, arealet og antall bygninger for valgt område som er grunnlaget for fastsetting av pris. Minstepris.	kr 460	kr 440	4,5 %

For prisoverslag: kontakt Oppmåling.

3.2 Plansaker (Kap 12 § 12-3)

3.2.1 Planavklaringsmøte (pr. møte)

		2019	2018	Endring i %
3.2.1 a)	Planavklaringsmøte - oppstartmøte med representantar frå administrasjonen	kr 8 000	kr 5 420	3,0 %

3.2.2 Privat forslag til detaljregulering (pbl §12-3 , eller endring av gjeldande utbyggings- eller reguleringsplan (pbl §§ 12-14)

Basisgebyret for handsaming av nye planer fram til 1. gongs handsaming:

		2019	2018	Endring i %
3.2.2 a)	Gebyr handsaming enkel plan - I samsvar med overordna plan - Kurrante analysebehov og utgreiingar - Kurrante interesser i høve til offentlege, nabo og private interesser	kr 74 750	kr 72 570	3,0 %

3.2.2 b)	Gebyr handsaming samansett plan - Planer som ikkje er i samsvar med overordna plan, og/eller utan behov for utgreiingar, mange partar, større områder - I samsvar med overordna plan, men med behov for utgreiingar f.eks. skred, flaum, trafikk etc. - Avklaring i høve til offentlege, nabo- eller private interesser	kr 98 520	kr 95 650	3,0 %
3.2.2 c)	Gebyr handsaming komplisert plan - Manga partar, store planområder - Samansatte arealavklaringskonflikatar	kr 125 690	kr 122 030	3,0 %
3.2.2 d)	Planavklaring etter PBL § 12-8	kr 13 440	kr 13 050	3,0 %
3.2.2 e)	Mindre reguleringsendring	kr 20 000	kr 0	
3.2.2 f)	Oppstartsmøte - detaljreguleringsplan §12-3	kr 8 000	kr 5 420	47,6 %

Basisgebyret er eit fast gebyr til dekking av kommunen sine gjennomsnittskostnader med ein søknad som er fullstendig frå søkjar si side, fram til saka er ei "offentleg" plansak – 1. gangs handsaming. Basisgebyret inneheld og dekking av eksterne utgifter til planmaterieell for kunngjering av endeleg plan.

Dersom kommunen avtaler at private planførestillare utarbeidar områdereguleringsplanar vert gebyr vurdert etter same satsar som i pkt. 3.2.2.

3.2.3 Forna søknad

Dersom det innan eitt år blir innsendt fornya søknad for plan som er nekta fremja, skal det betalast halvt basisgebyr (jfr. pkt. 3.2.2).

3.2.4 Konsekvensutgreiing (plbl kap 4, § 4-2 og kap.14)

Der kommunen skal godkjenne konsekvensutgreiing utført på vegne av tiltakshavar, skal det betalast gebyr etter medgått tid (pkt. 2.2) og for utlegg som kommunen måtte ha hatt til sakkunnig hjelp.

		2019	2018	Endring i %
3.2.4.	Der kommunen skal godkjenne konsekvensutgreiing utført på vegne av tiltakshavar, skal det betalast gebyr etter medgått tid (pkt. 2.2) og for utlegg som kommunen måtte ha hatt til sakkunnig hjelp. Minstegebyr for kvart utgreidd tilhøve (jf. tabell I og II i forskrifta)	kr 6 040	kr 5 860	3,1 %

3.3 Tiltakssaker (bygge- og anleggssaker)

Der melding eller søknad er mangelfull og krev meirarbeid skal gebyr aukast med 20%. Dvs. saker der kommunen må be om tilleggskostnader og/eller må på synfaring. Dette gjeld òg saker der estetikk er dårleg dokumentert.

3.3.1 Førehandskonferanse (plbl § 20-1 a)

		2019	2018	Endring i %
3.3.1 a)	Førehandskonferanse (plbl § 20-1 a) - søknadssak – middels tung sak (tiltaksklasse 2):	kr 1 490	kr 1 450	2,8 %
3.3.1 b)	Førehandskonferanse (plbl § 20-1a) - søknadssak – komplisert sak (tiltaksklasse 3):	kr 2 280	kr 2 210	3,2 %

3.3.2 Søknader utan krav om ansvarsrett (plbl § 20-4)

		2019	2018	Endring i %
3.3.2 a)	Søknader utan krav om ansvarsrett- sak som krev oppdatering av offentleg kart eller register:	kr 5 710	kr 5 540	3,1 %
3.3.2 b)	Landbruksbygg over 250 kvm	kr 8 770	kr 8 510	3,1 %
3.3.2 c)	Mindre byggearbeid på bebygde eigedommar 0-15 kvm)	kr 3 520	kr 3 420	2,9 %

3.3.3 Lokal godkjenning av føretak m.v. for ansvarsrett (plbl §§ 23-4,23-5 og 23-6)

For behandling av ein søknad:

		2019	2018	Endring i %
3.3.3 a)	Lokal godkjenning av foretak m.v. for ansvarsrett (plbl §§ 23-4, 23-5 og 23-6) - 1. gangs godkjenning samt utviding av godkjenningsområde	kr 2 650	kr 2 570	3,1 %

3.3.3 b)	Lokal godkjenning av foretak m.v. for ansvarsrett (plbl §§ 23-4, 23-5 og 23-6) - godkjenning av føretak som har sentral godkjenning	kr 360	kr 350	2,9 %
----------	---	--------	--------	-------

3.3.4 Dispensasjon (plbl kap.19 ,§ 19-1)

For handsaming av søknad om dispensasjon:

		2019	2018	Endring i %
3.3.4 a)	Dispensasjon (plbl kap. 19, § 19-1) - Dispensasjon frå kommuneplan, reguleringsplan, utbyggingsplan eller føresegner i plan- og bygningslova i saker som skal på ekstern høyring. Gebyr for dispensasjon kjem i tillegg til saksgebyr.	kr 18 540	kr 18 000	3,0 %
3.3.4 b)	Dispensasjon (plbl kap. 19, § 19-1) - Dispensasjon i saker som ikkje skal på ekstern høyring. Gebyr for dispensasjon kjem i tillegg til saksgebyr.	kr 13 910	kr 13 500	3,0 %
3.3.4 c)	Dispensasjon (pbl kap.19, §19-1) - Kurrante dispensasjoner i byggesakshandsaming.	kr 3 610	kr 3 500	3,1 %

3.3.5 Søknadspliktig tiltak (plbl § 20-1)

Opprekninga av tiltak under 3.3.5 er ikkje uttømmende. Kommunen fastset i alle søknadssaker kva punkt i regulativet gebyret skal reknast ut etter. Faste gebyr føreset at søknaden er i samsvar med førehandsgodkjende tekniske løysingar. Der dette ikkje er tilfelle, skal gebyra reknast ut etter medgått tid og kommunen sine utlegg til fagkunnig hjelp. I desse sakene skal fastgebyret vera minstegebyr.

Saksgebyr for konstruksjon, anlegg og vesentlege terrengingrep, som er ein integrert del av ein byggesøknad, er medrekna i saksgebyret.

3.3.5.1 Delingssøknad (plbl 20-1 bokstav m)

For søknad som er samordna med annan tiltakssøknad, f.eks. byggesøknad, skal gebyret vera 75% av satsane nedanfor.

Søknad i:

		2019	2018	Endring i %
3.3.5.1 a)	Delingssøknad i samsvar med grenser fastsett i godkjent regulerings- eller utbyggingsplan	kr 1 310	kr 1 270	3,1 %
3.3.5.1 b)	Delingssøknad i uregulerte områder eller der grenser ikkje er fastsett i plan	kr 2 680	kr 2 600	3,1 %

For søknad til føremål som ikkje er i tråd med plan og som skal handsamast som dispensasjon skal det betalast gebyr etter pkt. 3.3.4.

3.3.5.2 Bustadbygning og fritidsbustad for første buening:

Det skal ikke tas gebyr for kopier til søknader etter regulativets pkt. 3.3 og 3.3.5

		2019	2018	Endring i %
3.3.5.2 a)	Bustadbygning og fritidsbustad for første buening - nybygg bustad	kr 13 540	kr 13 150	3,0 %
3.3.5.2 b)	Bustadbygning og fritidsbustad for første buening - nybygg fritidsbustad	kr 16 790	kr 16 300	3,0 %
3.3.5.2 c)	Bustadbygning og fritidsbustad for første buening - tilbygg over 50 kvm	kr 7 510	kr 7 290	3,0 %
3.3.5.2 d)	Bustadbygning og fritidsbustad for første buening - tilbygg under 50 kvm	kr 6 020	kr 5 840	3,1 %
3.3.5.2 e)	Nybygg fritidsbustad over 250 kvm	kr 22 040	kr 21 500	2,5 %

Der bygningen har fleire bueningar skal det betalast følgjande tillegg per eining:

- Buening nr. 2 til og med nr 5: 30 % av satsane i tabellen.

- Frå og med buening nr. 6 og for hybel : 15 % av satsane i tabellen.

3.3.5.3 Søknadspliktige småhus (garasje, uthus, anneks):

		2019	2018	Endring i %
3.3.5.3 a)	Søknadspliktige småhus (garasje, uthus, anneks) - nybygg	kr 6 600	kr 6 410	3,0 %
3.3.5.3 b)	Søknadspliktige småhus (garasje, uthus, anneks) - tilbygg	kr 6 000	kr 5 830	2,9 %

3.3.5.4 Andre bygningar, nybygg og tilbygg:

	2019	2018	Endring i %
--	------	------	-------------

3.3.5.4 a)	Andre bygninger, nybygg og tilbygg - BRA inntil 100 m2:	kr 9 980	kr 9 690	3,0 %
3.3.5.4 b)	Andre bygninger, nybygg og tilbygg - tillegg pr. påbyrja 100 m2 BRA	kr 2 650	kr 2 570	3,1 %

3.3.5.5 Andre tiltak (plbl § 20-1):

		2019	2018	Endring i %
3.3.5.5 a)	Mellombels/transportabel: bygning eller konstruksjon (plbl § 20-1 bokstav a)	kr 3 350	kr 3 250	3,1 %
3.3.5.5 b)	Fasadeendring m.v. (plbl § 20-1 bokstav b) og c)	kr 3 350	kr 3 250	3,1 %
3.3.5.5 c)	Bruksendring m.v. (plbl § 20-1 bokstav d)	kr 3 350	kr 3 250	3,1 %
3.3.5.5 d)	Riving av bygning, konstruksjon eller anlegg (plbl § 20-1 bokstav e)	kr 3 350	kr 3 250	3,1 %
3.3.5.5 e)	Oppdeling eller samanslåing av brukseining (plbl § 20-1 bokstav g)	kr 3 350	kr 3 250	3,1 %
3.3.5.5 f)	Innhegning mot veg, skilt eller reklameinnretn. (plbl § 20-1 bokstav h) og i)	kr 1 240	kr 1 200	3,3 %
3.3.5.5 g)	Vesentlege terrenngrep, veg/p-plass (plbl § 20-1 bokstav k). Minstegebyr	kr 3 350	kr 3 250	3,1 %
3.3.5.5 h)	For bygg og tiltak etter plan og bygningslova, som ikkje fell inn under punkta 3.3.5.5 punkta a-g, skal gebyr fastsetjast etter medgått tid (pkt. 2.1) og for utlegg til fagkunnig hjelp. Minstegebyr kr. 1.200,-.	kr 1 240	kr 1 200	3,3 %
3.3.5.5 i)	Bygging av veg til enkelttomt	kr 3 350	kr 3 250	3,1 %
3.3.5.5 j)	Bygging av veg til hyttefelt	kr 11 330	kr 11 000	3,0 %

3.3.6 Endringer i høve til gitt løyve eller registrert melding

		2019	2018	Endring i %
3.3.6	Endringer i høve til gjeve løyve eller registrert melding - for endringsforslag skal det betalast gebyr etter medgått tid (pkt. 2.1). Minstegebyr kr. 1.200,-.	kr 1 240	kr 1 200	3,3 %

3.3.7 Handsaming av avvik

		2019	2018	Endring i %
3.3.7	Handsaming av avvik	kr 3 350	kr 3 250	3,1 %

3.3.8 Midlertidig bruksløyve

		2019	2018	Endring i %
3.3.8 a)	Midlertidig bruksløyve - søknad om midlertidig bruksløyve og søknad om forlenging av dette	kr 1 240	kr 1 200	3,3 %
3.3.8 b)	Midlertidig bruksløyve - purregebyr for ferdigattest på bakgrunn av midlertidig bruksløyve	kr 1 240	kr 1 200	3,3 %

3.4 Refusjonssaker (kap. 18)

3.4.1 Planbehandling og refusjonsvedtak (§§ 18-8)

		2019	2018	Endring i %
3.4.1	Planbehandling og refusjonsvedtak (§ 18-8) - gebyr i høve til medgått tid (pkt. 2.1) og utgifter til fagkunnig hjelp. Minstegebyr:	kr 5 310	kr 5 160	2,9 %

3.4.2 Kostnadskontroll og fastsetjing av kostnadsdelinga (§ 18-9)

		2019	2018	Endring i %
3.4.2	Gebyr i høve til medgått tid (pkt. 2.1) og utgifter til fagkunnig hjelp. Minstegebyr	kr 5 310	kr 5 160	2,9 %

Kommunen kan nekte å starte arbeid etter 3.4.2 til gebyr for arbeida som inngår i 3.4.1 og minstegebyret etter 3.4.2 er betalt. For gebyr som overstig minstegebyret, kan kommunen krevja betaling etter kvar avslutta etappe i saksbehandlinga.

3.5 Overtredelsesgebyr (straffegebyr) Jf. PBL § 32-8 og §§ 16-1 og 16-2 i byggesaksforskriften.

Foretak kan ilegges overtredelsesgebyr inntil angitte beløpsgrenser for forsettlig eller uaktsomme overtredelser som nevnt i bokstav a til g. Privatpersoner kan ilegges overtredelsesgebyr inntil halvparten av angitte beløpsgrenser for forsettlig eller uaktsomme overtredelser som nevnt i bokstav a til g. Det vert vist til gebyrsatsar heimla direkte i lova.

4 GEBYR FOR ARBEID ETTER MATRIKKELLOVA

Gebyr for arbeid etter matrikkellova (Lovas § 32, forskriftene § 16) vert fastsett som følgjer:

4.1 Oppretting av matrikkeleining

4.1.1 Oppretting av grunneigedom

		2019	2018	Endring i %
4.1.1 a)	Oppretting av grunneigedom, areal frå 0 - 250 m2	kr 5 440	kr 5 280	3,0 %
4.1.1 b)	Oppretting av grunneigedom, areal frå 251 - 500 m2	kr 10 880	kr 10 560	3,0 %
4.1.1 c)	Oppretting av grunneigedom, areal frå 501 - 2000 m2	kr 16 320	kr 15 840	3,0 %
4.1.1 d)	Oppretting av grunneigedom, areal frå 2001 m2 - auke pr. påbegynte dekar	kr 1 140	kr 1 110	2,7 %
4.1.1 e)	Oppretting av grunneigedom der grenser tidlegare er fastsett/oppmålt	kr 2 890	kr 0	

Ved frådelling av 5 eller fleire parsellar i same forretning og som er omfatta av same reguleringsplan, skal det betalast 80 % av gebyr 4.1.1.c per parsell frå fyrste parsell. Der det klart er urimeleg, skal det likevel ved areal i uregulert område kunne betalast etter medgått tid.

- Bueining nr. 2 til og med nr 5: 30 % av satsane i tabellen.

- Frå og med bueining nr. 6 og for hybel : 15 % av satsane i tabellen.

4.1.2 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn/ frå punktfeste til festegrund eller grunneigedom

		2019	2018	Endring i %
4.1.2 a)	Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn areal frå 0 - 250 m2	kr 8 080	kr 7 840	3,1 %
4.1.2 b)	Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn areal frå 251 - 500 m2	kr 12 930	kr 12 550	3,0 %
4.1.2 c)	Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn areal frå 501 - 2000 m2	kr 19 350	kr 18 790	3,0 %
4.1.2 d)	Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn areal frå 2001 m2 - auke pr. påbegynnte dekar	kr 1 140	kr 1 110	2,7 %

4.1.3 Oppmåling av tilleggsareal grunn til eigarseksjon

Gebyr for oppmåling av tilleggsareal grunn pr sak

		2019	2018	Endring i %
4.1.3 a)	Gebyr for oppmåling av tilleggsareal grunn pr. sak areal frå 0 - 50 m2	kr 8 080	kr 7 840	3,1 %
4.1.3 b)	Gebyr for oppmåling av tilleggsareal grunn pr. sak areal frå 51 - 250 m2	kr 9 690	kr 9 410	3,0 %
4.1.3 c)	Gebyr for oppmåling av tilleggsareal grunn pr. sak areal frå 251 - 2000 m2	kr 11 290	kr 10 960	3,0 %
4.1.3 d)	Gebyr for oppmåling av tilleggsareal grunn pr. sak areal frå 2001 m2 - auke pr. påbegynt dekar	kr 810	kr 790	2,5 %

4.1.4 Oppretting av anleggseigedom

Gebyr som for oppretting av grunneigedom.

		2019	2018	Endring i %
4.1.4 a)	Volum frå 0- 2000 kbm	kr 8 080	kr 7 840	3,1 %
4.1.4 b)	Volum frå 2001 kbm – auke pr. påbegynt 1000 kbm	kr 1 620	kr 1 570	3,2 %

4.1.5 Registrering av jordsameige

		2019	2018	Endring i %
4.1.5.	Gebyr for registrering av eksisterande jordsameige vert fakturert etter medgått tid	kr 1 620	kr 1 570	3,2 %

4.1.6 Matrikkelføring av ommatrikulering/ innløyising av festegrund

		2019	2018	Endring i %
4.1.6.	Matrikkelføring av ommatrikkel/ innløsning av festegrund	kr 2 890	kr 2 810	2,8 %

4.2 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning

		2019	2018	Endring i %
4.2.	Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning	kr 2 890	kr 2 810	2,8 %

4.2.1 Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering

Det skal fakturerast 1/3 av gebyrsatsane etter punkt 4, dersom saka vert trekt før den er gjort ferdig eller at saka vert avvist eller at saka ikkje kan matrikkelførast på grunn av endringar i heimelsforhold eller av andre grunnar ikkje kan gjerast ferdig.

4.3 Grensejustering

4.3.1 Grunneigedom, festegrund og jordsameige

Ved gebyr for grensejustering kan arealet for involverte eigedomar justerast med inntil 5 % av eigedomen sitt areal. Maksimalgrensa er sett til 500 m². Det kan ikkje frådelaast areal frå ein eigedom som i sum overstig 20% av eigedomen sitt areal før justeringa. For grensejustering til veg- eller jernbaneformål kan andre arealklassar gjelde.

		2019	2018	Endring i %
4.3.1 a)	Grensejustering. Grunneigedom, festegrund, jordsameige. Areal frå 0 - 75 m ²	kr 1 090	kr 1 060	2,8 %
4.3.1 b)	Grensejustering. Grunneigedom, festegrund, jordsameige. Areal frå 76 - 250 m ²	kr 4 720	kr 4 580	3,1 %
4.3.1 c)	Grensejustering. Grunneigedom, festegrund, jordsameige. Areal frå 251 - 500 m ²	kr 7 850	kr 7 620	3,0 %

4.3.2 Anleggseigedom

For anleggseigedom kan volumet justerast med inntil 5 % av anleggseigedommen sitt volum, den maksimale grensa er satt til 1000 m³

		2019	2018	Endring i %
4.3.2 a)	Grensejustering. Anleggseigedom, justert volum frå 0 - 250 m ³	kr 4 860	kr 4 720	3,0 %
4.3.2 b)	Grensejustering. Anleggseigedom, justert volum frå 251 - 1000 m ³	kr 8 080	kr 7 840	3,1 %

4.4 Arealoverføring

4.4.1 Grunneigedom, festegrund og jordsameige

Ved arealoverføring skal det gjennomførast oppmålingsforretning og tinglysing. Arealoverføring utløyser dokumentavgift. Dette gjeld ikkje arealoverføring til veg- og jernbaneformål.

		2019	2018	Endring i %
4.4.1 a)	Arealoverføring. Grunneigedom, festegrund og jordsameige. Areal frå 0 - 250 m ²	kr 16 140	kr 15 670	3,0 %
4.4.1 b)	Arealoverføring. Grunneigedom, festegrund og jordsameige. Areal frå 251 - 500 m ²	kr 19 350	kr 18 790	3,0 %
4.4.1 c)	Arealoverføring pr. nytt påbegynt 500 m ² fører med seg auke av gebyr	kr 4 860	kr 4 720	3,0 %

4.4.2 Anleggseigedom

For anleggseigedom kan volum som skal overførast frå ei matrikkeleining til ei anna, - ikkje vere registrert på ei tredje matrikkeleining. Volum kan berre overførast til ei matrikkeleining dersom vilkåra for samanslåing er til stades. Matrikkeleininga skal utgjera eit samanhengande volum.

		2019	2018	Endring i %
4.4.2 a)	Arealoverføring, anleggseigedom volum frå 0 - 250 m ³	kr 16 140	kr 15 670	3,0 %
4.4.2 b)	Arealoverføring, anleggseigedom volum frå 251 - 500 m ³	kr 19 350	kr 18 790	3,0 %
4.4.2 c)	Volumoverføring pr. nytt påbegynt 500 m ³ medfører ei auke av gebyret	kr 4 860	kr 4 720	3,0 %

4.5 Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinatfesta ved oppmålingsforretning

		2019	2018	Endring i %
4.5 a)	For inntil første punkt	kr 1 120	kr 1 090	2,8 %

4.5 b)	For overskytande grensepunkter, pr. pkt.	kr 790	kr 770	2,6 %
--------	--	--------	--------	-------

4.6 Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidlegare er koordinatfesta / eller klarlegging av rettar

4.6 a)	Klarlegging av eksisterande grense for matrikkeleining der grensa ikkje tidlegare er koordinatfesta / eller klarlegging av rettar. Gebyr pr påvist eller rekonstruert punkt. Ved kompliserte grenseforhold vert gebyr rekna etter medgått tid jfr. satsar i pkt. 2.1.			
4.6 b)	Kartlegging av retter vert fakturert etter medgått tid ref. pkt. 2.1.			

4.7 Privat grenseavtale

		2019	2018	Endring i %
4.7.	Privat grenseavtale, gebyr vert fastsett etter medgått tid, minstesats	kr 1 620	kr 1 570	3,2 %

4.8 Time pris for medgått tid

Timepris for medgått tid blir utrekna etter følgjande satsar:

		2019	2018	Endring i %
4.8 a)	Timepris for medgått tid, feltarbeid	kr 1 620	kr 1 570	3,2 %
4.8 b)	Timepris for medgått tid, kontorarbeid	kr 1 240	kr 1 200	3,3 %

4.9 Endringar i grunnlaget for matrikkelføring av ei sak

Dersom rekvisenten under saksbehandlinga gjer endringar i grunnlaget for matrikkelføringa av saka, vert gebyret likevel oppretthalde.

4.10 Utskriving av matrikkelbrev

		2019	2018	Endring i %
4.10 a)	Utskriving av matrikkelbrev inntil 10 sider	kr 310	kr 300	3,3 %
4.10 b)	Utskriving av matrikkelbrev over 10 sider	kr 590	kr 570	3,5 %

Endring i maksimalsatsane vert regulert av Statens kartverk i takt med den årlige kostnadsutviklinga.

4.11 Tidsfrist for gjennomføring av saker

Dersom kommunen ikkje held fristen for oppmålingsforretning eller matrikkelføring, skal gebyret avkortast etter reglane i §§ 18 og 19 i forskrift om eigedomsregistrering. Avkorting av gebyr gjeld ikkje for utskrivning av matrikkelbrev, jamfør 4. ledd. Dersom kommunen krev forskotsbetaling, skal avkorta gebyr tilbakebetalast så snart fristane er utgått. Fristane gjeld ikkje i perioden 1. oktober til 1. mai i Hemsedal kommune. I dei delar av kommunen kor nødvendig tilkomstveg er vinterstengt etter 1. mai, tek ikkje tidsfristen til å gjelde før vegen er åpna etter vinterstegning.

4.12 Betalingsvilkår

Betaling skjer etter det regulativ som gjelder på rekvisisjonstidspunktet. Dersom den som rekvisierer ynskjer å utsetje oppmålingsforretninga, vert gebyret rekna etter satsane det året oppmålinga blir gjort.

Gebyrsatsane inkluderer kjøregodgjøring og administrasjonsutgifter, mellom anna utskrift av grunnbok frå Norges Eiendommer.

Tinglysingsgebyr og eventuell dokumentavgift etter gjeldande sats vert lagt til gebyret.

Meirverdiavgift vert ikkje rekna ved oppkrevjing av gebyr jamfør skattedirektørens rundskriv av 6. mars 1970 til skatteinspektørane.

Gebyrregulativet vert indeksregulert kvart år, med unntak av gebyr som vert regulert av Statens kartverk.

5 GEBYR FOR ARBEID ETTER LOV OM EIGARSEKSJONAR (§ 7)

5.1 Krav om seksjonering eller reseksjonering av ein eigedom

Gebyr vert satt etter medgått tid, og følgjar satsane jfr. pkt. 2.1.e

6 GEBYR FOR ARBEID ETTER FORSKRIFT OM UTSLEPP FRÅ MINDRE AVLAUPSANLEGG (§ 11-4)

6.1 Behandling av søknad om løyve

Det skal betalast gebyr per utslepp etter følgjande satsar:

		2019	2018	Endring i %
6.1 a)	Gebyr for arbeid etter forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg - Anlegg der utsleppet er kalkulert til < 15 pe	kr 7 900	kr 7 670	3,0 %
6.1 b)	Gebyr for arbeid etter forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg - Anlegg der utsleppet er kalkulert til mellom 15 og 99 pe	kr 22 300	kr 21 650	3,0 %
6.1 c)	Gebyr for arbeid etter forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg - Anlegg der utsleppet er kalkulert til mellom 100 og 999 pe	kr 43 260	kr 42 000	3,0 %
6.1 d)	Gebyr for arbeid etter forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg - Anlegg der utsleppet er kalkulert til mellom 1000 og 2000 pe	kr 64 240	kr 62 370	3,0 %

6.2 Ny behandling av søknad om omgjeriing av løyve

For omgjeriing av utsleppsløyve etter søknad skal det belastast gebyr etter følgjande satsar:

		2019	2018	Endring i %
6.2 a)	Gebyr for omgjeriing av løyve der utsleppet er kalkulert til < 15 pe	kr 3 930	kr 3 820	2,9 %
6.2 b)	Gebyr for omgjeriing av løyve der utsleppet er kalkulert til mellom 15 og 99 pe	kr 11 810	kr 11 470	3,0 %
6.2 c)	Gebyr for omgjeriing av løyve der utsleppet er kalkulert til mellom 100 og 999 pe	kr 22 300	kr 21 650	3,0 %
6.2 d)	Gebyr for omgjeriing av løyve der utsleppet er kalkulert til mellom 1000 og 2000 pe	kr 32 780	kr 31 830	3,0 %

6.3 Ny behandling av avslått søknad

Der fornya søknad om utsleppsløyve fører til godkjenning eller nytt avslag, skal halvparten av tidlegare betalt gebyr koma til frådrag dersom søknaden kjem til kommunen innan tre månader etter dato for avslag (kjem ny søknad på seinare tidspunkt, skal det belastast fullt gebyr).

6.4 Utslepp som ikkje er godkjent, eller anlegg som krever utbetring

For kommunen sitt arbeid med utslepp som ikkje er godkjent skal det belastast gebyr jf. pkt. 2.1 e i dette regulativet.

		2019	2018	Endring i %
6.4	For kommunens sitt arbeid med utslepp som ikkje er godkjent, skal det belastast gebyr etter medgått tid jf. pkt. 2.1. i gebyrregulativet, eller minstesatsen (pkt. 6.4)	kr 11 810	kr 11 470	3,0 %

Gebyret omfattar eventuelle synfaringar som vert gjort for å avdekke ulovleg utslepp, i tillegg til oppfølging og vidare behandling av høvesvis pålegg og handsaming av søknad om utslepp etter pålegg frå forureiningsmynda. I tillegg kan kommunen krevje dekt sine kostnader til sakkunnig bistand.

6.5 Kontrollgebyr/tilsynsgebyr

Der kommunen gjennomfører kontroll/tilsyn vert det kravd eit kontrollgebyr. Kontrollen omfattar befarig, og enkel vurdering av anleggets tilstand. Kontrollen vert gjennomført i samsvar med forureiningslova §§ 48-51 og 7 fjerde ledd.

Kontrollgebyret vert rekna ut etter medgått tid og satsar jf. Pkt. 2.1 i dette regulativet.

		2019	2018	Endring i %
6.5	Kontroll- og tilsynsgebyr. Der kommunen gjennomfører kontroll/tilsyn vert det kravd eit gebyr. Gebyret reknast ut etter medgått tid, eller minstesats jfr. pkt. 6.5gebyrregulativ.	kr 7 900	kr 7 670	3,0 %

7 FORSKRIFT OM GEBYR FOR BEHANDLING AV KONSESJONS- OG DELINGSSAKER AV 14. DES. 2011

Kommunen skal krevja gebyr etter reglane i forskrifta for følgjande saker:

- Søknader om konsesjon (ervervsløyve) etter lov av 28. nov. 2003 nr. 98 om konsesjon ved erverv av fast eigedom (konsesjonsloven) mv §§2 og 3.
- Søknader om delingsløyve etter lov om jord (jordloven) av 12. mai 1995 nr. 23 § 12.

Kommentar:

Det betales et gebyr på kr. 5.000,- for behandling av konsesjonssaker og kr. 2000,- for behandling av delingssaker etter jordlova.

Dersom gebyret openbert er urimeleg i høve til prinsipp om sjølvkost, kan rådmannen eller den som han/ho gjev fullmakt til, av eige tiltak fastsetje eit høveleg gebyr, jfr. kommunal gebyrforskrift pkt. 1.4.

For øvrig gjeld forskrifta vedteke av Statens Landbruksforvaltning av 14. desember 2011.

7.1 Søknader om konsesjon og delingsløyve

		2019	2018	Endring i %
7.1 a)	Søknader om konsesjon (ervervsløyve) etter lov av 28. nov. 2003 nr. 98 om konsesjon ved erverv av fast eigedom (konsesjonsloven) mv §§2 og 3	kr 5 000	kr 5 000	0,0 %
7.1 b)	Søknader om delingsløyve etter lov om jord (jordloven) av 12. mai 1995 nr. 23 § 12	kr 2 000	kr 2 000	0,0 %

8 HONORAR FOR ANDRE OPPGÅVER

		2019	2018	Endring i %
8.1	Honorar for informasjonsoppgåver til eigedomsmeklarar - fullstendig eigedomsoppgåve	kr 3 810	kr 3 700	3,0 %

For at kommunen skal ta honorar føreset det at det er svart innan 14 dagar etter at kommunen har mottatt oppdraget, og det må vere stilt krav om informasjon som går ut over den alminnelege rettleiingsplikta til kommunen etter § 11 fyrste leidd i forvaltningslova.

		2019	2018	Endring i %
Tinglysing	Tinglysingsgebyr (justert 01.01.2014) - ligger fast	kr 525	kr 525	0,0 %

		2019	2018	Endring i %
Utleige	Tineappart inkl. mann, eks. mva.	kr 910	kr 890	3,0 %